

Utbrytarkongen

Dei sovnar i tidsmaskinen igjen.

Da dei vaknar, står det: «New York pir. 1912» på skjermen.

«Kva skjedde i New York dette året?» spør Sam.

«Vi får gå ut og sjå,» svarer onkel Ola.

Dei går rundt på ei bryggje.

Dei ser ei kasse bli heist ned i vatnet.

«Det er Harry Houdini! Utbrytarkongen!» seier Ina.

«Men kva gjer han oppi den kassa?» spør Sam.

«Harry Houdini kunne bryte seg ut av alt mogleg,» seier Ina. «No har han på seg handjern og leggjern. Og så har dei spikra igjen kassa.»

Kista forsvinn ned i vatnet, med Harry Houdini inni.

«Dette er jo galskap,» seier onkel Ola.

Det går 10 sekund. 20 sekund. 30 sekund.

Alle held pusten.

Etter 57 sekund kjem Harry Houdini opp. Alle jublar.

«No kan vi ta med oss bokstaven A herfrå,» seier Sam,

«A for hARRY Houdini». «Da har vi alle bokstavane! Vi kan reise heim!»

I det same kjem to politimenn inn i tidsmaskinen.

«Hands up, you are under arrest!»

«Korleis skal vi komme heim no?» spør Ina.

Oppgåver:

Sjå Elevbok 4B side 161.

Gjer oppgåvene 1, 2, 3, 4, 5, 6 og 7.

pir:
brygge

